



NVE

nve@nve.no

Stavanger/Sauda/Suldal, 07.04.2014

Høyringsuttale til 9 søknader om løyve til byggjing av småkraftverk i kommunane Sauda og Suldal, Rogaland

NVE har mottatt søknadar om løyve til å byggja 9 småkraftverk i Sauda og Suldal. NVE ønskjer synspunkt på om løyve bør bli gitt eller ikkje sett utifrå det enkelte kraftverk, men og med utgangspunkt i den samla belastninga. Naturvernforbundet har i e-post frå Auen Korbøl/NVE fått utsett høyringsfrist til i dag 7.april.

A. Utifrå den samla påverknaden på vassdraga i Rogaland/regionen seier naturvernforbundet nei til utbygging av dei fleste vassdrag

Vi registerer at bit for bit-politikken fortsetter i et fylke som allerede har utnyttet mer enn 2/3 av vannkrafa til kraftproduksjon. Som en konsekvens av dette og av andre inngrep i Rogalandsnaturen har ikkje fylket lenger kvalifisert villmark igjen (0,24% av samlet areal). Andelen øvrige INON-områder (1-3 km fra inngrep) reduseres i et foruroligende tempo og dobbelt så raskt som gjennomsnittet i landet (kilde Direktoratet for naturforvaltning).

Både i Suldal og Sauda har ein bygd ut urimelege mengder vasskraft. I tillegg til dei store utbyggingane (Røldal -Suldal, Ulla-Førre, Saudautbygginga) har utbygging av mindre bekkar og elver eksplodert i dei seinare år. Nettsida Miljøstatus i Suldal fortel at det sidan 1995 er sett i drift 37 små kraftverk berre i Suldal. I tillegg er det gitt løyve til langt fleire. Dette må ein ta omsyn til ved vurderinga av nye kraftplanar. Vassdragsnaturen i regionen har lidd mykje, det som er igjen av urørte elvestrekningar og vatn er desto meir verdt.

I fylkeskommunens klima- og energiplan er det satt et mål om 0,5 TWh ny vannkraft innen 2020. Det målet meiner Naturvernforbundet ein vil nå med dei småkraftprosjekta som allerede er gitt byggjeløyve og med bygging av nytt kraftverk i Lysebotn. Det er unødig å bygge ut urørde område.

Spørsmålet bør ikkje være kor mye av det resterande potensialet for vasskraftutbygging som kan nyttast, men kor mye som må vernast.

Naturvernforbundet i Rogaland meiner at:

- 1) At det ikkje tillates ny kraftutbygging i verna vassdrag.**
- 2) At det ikkje tillates kraftutbygging i områder som medfører reduksjon av INON-område**





3) At det ikkje blir bygd ut meir ny vasskraft i Rogaland enn målet i fylkeskommunens klima- og energiplan (2010) på 0,5 TWh innan 2020. Ny vasskraft må primært skje ved opprustning av eldre kraftverk.

4) At Rogaland må sikre at større, sammenhengende INON-område med variert vassdragsnatur blir sikra eit helhetlig vern.

Planlagde kraftverk i lys av dei fire punkta ovanfor:

1) Ingen av dei planlagde kraftverka er i verna vassdrag.

2) Følgjande kraftverk medfører reduksjon av INON-områder og bør ikkje byggast:

- Tysseelva kraftverk (reduksjon INON-område på 1,1 km²)
- Bråtveit kraftverk (reduksjon på INON-område på 3,84 km² eller 0,61 km²)
- Tysdal kraftverk (reduksjon på INON-område på 3 km² eller 1,5 km²)
- Bjergaelva kraftverk (reduksjon på INON-område på 0,83 km²)
- Sabakkkelva kraftverk (reduksjon på INON-område på 0,12 km²)
- Grøddalen kraftverk (reduksjon på INON-område på 2 km²)
- Svandalen kraftverk (reduksjon på INON-område på 0,32 km² på tilleggsoversføring)
- Fivelandselva kraftverk ((reduksjon på INON-område på 0,4 km²)

3) Ny vasskraft må primært skje ved opprustning av eldre kraftverk.

Ingen av dei omsøkte kraftverka er ei opprustning. To av dei planlagde kraftanlegga ligg likevel i område som allereie er sterkt påverka.

Nyastøljuvet kraftverk er lokalisert ved det sterkt regulerte Laugastølsvatnet.

Svandalen kraftverk: Her er kraftleidningar, alpinanlegg og hytteområde.

Ei utbygging av desse kraftverka vil forsterke inngrepsregime knyt til område det ligg i. Som i all kraftutbygging vil det føre til nye inngrep i landskap, fråfall av vatn og biologisk mangfald, og er negativt for friluftsliv/opplevinga.

B. Om den einskilde plan/søknad

Tysseelva kraftverk

Tysseåna i Erfjord, Suldal kommune.

Plan

Produksjon 17,2 GWh/år. Inntaket ligg på kote 420, ca 400 m nedanfor utløpet av Ullsvatnet (ca 495 m.o.h.). Ingen magasinering/regulering av vatnet i planen. Kraftstasjon på kote 80 mellom Rød og Tysse, ca 80-100 m frå hyttefelt. Minstevassføring 80/50 l/s sommar/vinter, lågvassføring berekna til



85 l/s. Røyrgata nedgroven gjennom skogsmark. Den eksisterande skogsvegen/stien vil i delar av traseen bli nytta som anleggsveg til kote 225, herifrå ny anleggsveg 250 m lang inn til inntak.

Kommentar

Naturvernforbundet har tidligare gått i mot utbyggingsplanar i vassdraget. Elva bør få ligge urørt og området bør ses i samanheng med dei verna elvene Hålandselva og Nordstølsdalselva. Slik kan ein behalde eit større tilnærma inngrepssfritt område.

Tysse og Tyssefjorden er omtalt i rapporten "Vakre landskap i Rogaland" der estetiske landskapsverdiar blir framheva. Ei utbygging vil medføra ein del uheldige inngrep i dette landskapet. Utbygginga vil føre til redusert vassføring. Tysse mister med det noko av sitt særpreg. Det kan og medføre negative konsekvensar for biologisk mangfald i bekkekløftene og elva for øvrig.

Ei utbygging vil føre til ein reduksjon av INON-område på 1100 da. Naturvernforbundet er kjend med at området er viktig for fleire rovfuglar.

Naturvernforbundet er i mot utbygging av Tysseelva kraftverk.

Bråtveit kraftverk.

Vassdrag: Kvednåna i Bråtveit, Suldal kommune.

Plan:

Produksjon: 11,4 GWh/år. Planlagd minstevassføring 20 l/sek = lågvassføring.

Alternativ 1: Inntak i Kvednadalen på kote 660 i form av betongdam ca 21 m lang og ca 7,5 m høg, oppdemt magasin ca 3,84 da/195 m³.

Alternativ 2: Inntak på kote 480 med 105 m³ magasin. Kraftstasjon på kote 75, like innanfor Kvednaflåto. Inntak av sidebekk i Kvedndalen etter takrenneprinsippet. 1330 m røyrgate nedgroven der det let seg gjera, dei siste (øvre) 180 m gjennom tunnel (alt.1). Alt. 2: 923 m røyrgate. Magasin i Stora Kvednavatnet 1020 m.o.h. med total reguleringshøgd 2,5 m, bygd som betongdam 25 m lang og 3,6 m maks høgd.

Kommentar:

Ved å tillata ei regulering av Kvernavatnet vil ein ta ein ny bit av fjellområda i Suldal. Utbygginga vil ta eit nytt steg mot grensa til landskapsvernområde, i eit område som i dag kan seiast å vere ei randsone. Området på sørsida av Kvernavatnet er registrert som villreintrekk. Utbygging vil gi ein reduksjon på INON-område på 3,84 km².

Også utan regulering av Kvednavatnet vil ein få reduksjon i INON-område, då på 0,61 km².

Det vakre kulturlandskapet i Bråtveit vil bli påverka av inngrepa. Bygging av ei røyrgate i dagen og ca 1,9 km veg til Kvedndalen vil medføra mykje inngrep. Dette vil føre til store sår i eit landskap med stort innsyn.

Naturvernforbundet er i mot utbygging av Bråtveit kraftverk.



Tysdal kraftverk.

Vassdrag: Tysdalselva og Åsheimsbekken i Brattlandsdalen, Suldal kommune.

Plan:

Produksjon: 7,9 GWh/år. Kraftverket vil få 2 inntak, i Tysdalselva og i Åsheimsbekken med nedgravd røyrgate i Y-form. Kraftstasjon ved RV 13. Røyrgate gjennom skog, ca 30 m rydningsbelte. Hovudalternativ A er å byggja utan reguleringsmagasin, alt. B regulering 1 m i Tysdalsvatnet og Hestakvelvtjødno, 777 og 792 m.o.h. Minstevassføring som vil oppretthalda biol. liv og vassdraga som landskapselement. Anleggsveg langs rørtraseen til begge inntaka vil bli fjerna.

Kommentar:

Ei utbygging etter alternativ A vil gi ei reduksjon av INON-område på 1,5 km². Ved alt. B vil ein ha to reguleringsmagasin over tregrensa og dette vil auka reduksjonen av INON-område til ca 3 km².

Brattlandsdalen er omtalt i rapporten "Vakre landskap i Rogaland" der estetiske landskapsverdiar blir framheva. Ei utbygging vil medføra ein del uheldige inngrep i dette landskapet. Dette vil og ha innsyn fra Brattlandsdalen og RV13. Fossen i Tysdalselva vil få redusert vassføring. Graving og sprenging i fjellsida vil gi sår i terrenget som det tek lang tid å lega.

To bekkekløfter, ein prioritert naturtype angåande biologisk mangfold, vil bli negativt påverka av utbygginga. Dei lokalt sjeldne artane turt og sørerot er registrert med gode forekomstar ved Tysdalsvatnet.

Naturvernforbundet er i mot utbygging av Tysdal kraftverk.

Bjergaelva kraftverk

Vassdrag: Bjergaelva (Hylsfjorden), Suldal kommune

Plan:

Produksjon: 13,7 GWh/år. Inntak i Bjergaelva på kote 480 m, utan trong for vegtilkomst. Kraftstasjon på kote 105 i Bjergsjuvet, like nedanfor brua på vegen til Indre Bjerga. Røyrgate gjennom profilbora tunnel frå inntak til kote 375, herifrå 600 m nedgraven gjennom vekslande, bratt skogsterreng samt over beite. Det er bygd skogsveg som fører opp til borepunktet for røyrgata ved kote 375. Planlagt minstevassføring tilsvarande berekna lågvassføring 40 l/s.

Kommentar:

Elva renn stadvis i kvite stryk, og er i nedre delar som ei tilnærma bekkekløft. Høgare i terrenget vider landskapet seg meir ut. Her finst det mellom anna ein foss med omlag 50 meter fallhøgde. Denne er svært vanskeleg tilgjengeleg, men det skal likevel vektleggast at dette no er ein av dei høgaste attverande/uutbygde fossane i vassrike Suldal kommune.

Det er registrert to naturtypar innafor influensområdet: Alm – lindeskog og fosseeng. Vegetasjonen innanfor dei gitte naturtypane er rik. Det ikkje funne noen raudlisteartar, men potensialet for dette vurderast som stort. Ut frå registrerte naturverdiar kan ein slå fast at området har stor verdi for biologisk mangfold.



Fosselokaliteten vil ved ei utbygging bli tilnærma øydelagt. Denne naturtypen baserer seg på stabil væte frå fossesprøyt, og ved redusert vassføring vil denne bli betydeleg redusert. Resultatet av dette vil trulig bli at fosseenga etter kvart vil gro igjen, og forsvinne som naturtype.

Landskapet som vil bli ramma av tiltaket er omtalt i utredninga "Vakre landskap i Rogaland". Mesteparten av området på nordsida av Hylsfjorden er klassifisert som område med stor landskapsverdi/nasjonal interesse. Ei ny utbygging av Bjergaelva vil bidra til ein bit for bit reduksjon av denne verdien.

Tiltaket vil påverke inngrepsfrie naturområde, og vil føre til at 0,83 km² vil endre INON status.

Naturvernforbundet er i mot utbygging av Bjergaelva kraftverk.

Sabakkela kraftverk

Vassdrag: Sabakkela i Valskår (Hylsfjorden), Suldal kommune.

Plan:

Produksjon 9,9 GWh/år. Inntak på kote 566 i utløpet av Vasstølvatnet ved Vasstøl, som har vegtilkomst i dag. Inntaksdam i betong ca 15 m lang ca 2 m høg, ingen magasinering. Kraftstasjon like nede ved Hylsfjorden, ca 600 m innanfor Valskårsaga, tvers over for Tengesdal. Røyrgate ca 2100 m nedgraven gjennom skog. Det må byggjast ca 1400 m ny veg ned til kraftstasjonen. Minstevassføring 15 l/sek tilsvrar lågvassføring.

Kommentar:

For landskapet medfører tiltaket enkelte vedvarande inngrep som inntak med dam, kraftlinje og kraftstasjon. Også rørgatetrasé vil føre til endringar i landskapsbildet, men omfanget vil i stor grad være forbigåande med god revegtering.

Det er INON-områder frå fjord til fjell på sørsida av Hylsfjorden. Tiltaket vil føre til ein reduksjon av INON-område på 0,12 km².

Naturvernforbundet er i mot utbygging av Sabakkela kraftverk.

Nyastøljuvet kraftverk

Vassdrag: Kvilldalsåna i Kvilldalsdalen, Suldal kommune

Plan:

Produksjon: 3,4 GWh/år. Inntak på kote 628 i ”innløpet” til Nyastøljuvet med betongdam 10 m lang og 3 m høg. Kraftstasjon på kote 605 ved Lauvastølsvatnet. Røyrgate 322 m nedgraven, korav dei øvre 250 m i eksisterande veg. Minstevassføring 200/40 l/sek sommar/vinter. Ingen reduksjon av INON-område.

Kommentar:

Tiltaksområdet ligg vest for Dyraheio landskapsvernombord og på utsida av Regionale friluftsområde (FINK). Disse områda blir difor ikkje direkte berørt av tiltaket, men det



illustrerer at området er inngangen til eit viktig område både landskapsmessig og for friluftsliv.

Det er registrert en bekkekløft og bergvegg med utforming bergvegg på østsiden av berørt elvestrekning. Bergveggen hadde et rikt artsmangfald, og tross den beskjedne størrelsen på veggen er lokaliteten vurdert til viktig. Tiltaket medfører noe arealbeslag i elva og redusert vassføring vil være negativ for elvelaupet, og i noen grad også for bergveggen og artsmangfaldet knyt til denne.

Tiltaket er i hovudsak i allereie utbygd område. Kraftstasjonen er plassert nede ved det regulerte Lauvastølsvatnet. Då tiltaket er plassert i eller i tilknyting til allereie utbygd område er konsekvensane vurdert til mindre enn det elles ville blitt.

Tiltaket fører ikkje til ein reduksjon av INON-område.

Grøddalen Kraftverk

Vassdrag: Grøddalselva i Nordstølsdalen, Sauda kommune

Plan:

Produksjon: 10,24 GWh/år. Inntak til kraftstasjon ligg på kote 696 moh. Vatnet skal ledast gjennom ei nedgravd røyrgate til kraftstasjonen som er plassert på kote 380, nordaust for Beintfram.

Frå eksisterande veg skal det lagast ein ny vegstrekning fram til kraftverket. Lengda på denne vil bli ca. 450 meter.

Frå kraftstasjonen skal det leggast jordkabel fram til eksisterande linje i området og derfrå vil det bli laget ny 12,5 kV linje som blir plassert parallelt med eksisterande linje. Ny linje vil bli tilkopla eksisterande nett ved Amdal.

Kommentar:

Grøddalselva og kringliggende landskap er eit sentralt landskapsbilde i Nordstølsdalen, men og for fjella i vest. Delar av dalen er vurdert som eit regionalt viktig friluftsområde. Bruken av dalen til friluftsliv er aukande.

Øvre del av Grøddalen er ei dalgryte utan inngrep. Opplevingsverdien av denne vil bli sterkt redusert ved ei utbygging.

Sidan kraftverket og rørtraseen ligg så høgt over havet, vil det ta lang tid før inngrepa vil gro igjen (om dei vil i det heile). Der det må skytast i fjell vil terrenget aldri bli som før igjen. Lite vegetasjon og dermed stor synlighet vil forsterke den negative opplevinga av dette.

Utbygginga vil redusere inngrepsfrie naturområde (INON) med 2 km².

Naturvernforbundet er i mot utbygging av Grøddalen kraftverk.



Fivelselva kraftverk

Vassdrag: Fivelandselva, Sauda kommune

Plan:

Produksjon 13,59 GWh/år. Det er lagt opp til to aggregater med inntak på to ulike kotehøyder i same elv. Inntak 1 vil ligge på kote 515 og inntak 2 på kote 370. Røyrtrase og kraftverksbygning vil være felles for begge aggregat. Kraftverket vil ligge på kote 115. Ein sidebekk er planlagt overført til inntak 1. Det er planlagt nedgravne trykkrør og overføringsrør. Det søkes kun om mindre inntaksmagasin.

Kommentar:

Det er registrert både rødlista naturtypar og trua vegetasjonstypar i influensområdet for utbygginga. Naturtypane *fosseberg* og *fosse-eng* og *beiteskog* er regnet som nær trua (NT) i Norsk raudliste for naturtypar, mens Fremstad og Moen (200 I) regner *fosse-eng* og *beiteskog* som noe trua (VU). Fosseberg og fosse-eng er registrert like nedstrøms øvre vassinntak i Fivelandselva, mens beiteskog førekjem i området nedanfor fossen.

Samla sett vurderast virkningsomfanget som **middels negativt** for flora. Det er da tatt i betraktning at mindre deler av populasjonene vil bli berørt av utbyggingen.

Utbygginga vil føre til redusert vassføring i Fivelandselva, frå inntak og ned til kraftstasjon. Dette kan medføre negative konsekvensar for biologisk mangfald i bekkekløftene og elva for øvrig. Fivelandselva kraftverk vil gi ein reduksjon på INON-område på 0,4 km².

Naturvernforbundet er i mot utbygging av Fivelandselva kraftverk.

Svandalen kraftverk

Vassdrag: Svandalselva i Sauda kommune

Plan:

Produksjon: 9,87 GWh/år. Hovudinntaket til kraftstasjonen ligg på kote 630 moh. Vatnet skal ledast gjennom ei nedgravd røyrgate til kraftstasjonen som er plassert på kote 350, ved parkeringsplassen til Sauda skisenter. Ein sidebekk til Svandalselva søkes overført til hovudinntaket via røyrleidning.

Kommentar:

Det biologiske mangfaldet er representativt for området. Samla er naturmangfaldet vurdert til liten/middels verdi.

I Svandalselva er det to naturmessig viktige bekkekløfter. Her er det to mindre fossar, samt preg av fossesprøyszone. Bekkekløftene har relativt rik flora og innslag av ein del kalkkrevande artar. Bekkekløftene vil bli særleg negativt påverka gjennom redusert vassføring. Det same gjeld dei små fossane som viktige landskapselement.

Område er frå før sterkt prega av inngrep. Her er kraftleidningar, alpinanlegg og hytteområde. Ei utbygging vil forsterke inngrepsregime knytt til område.



Tilleggsoverføringa vil i stor grad skje like over skoggrensa. Sidan røyrtraseen ligg så høgt over havet, vil det ta lang tid før inngrepa vil gro igjen (om di vil i det heile). Der det må skytast i fjell vil terrenget aldri bli som før. Lite vegetasjon og dermed stor synlighet vil forsterke den negative opplevinga av dette.

Overføringa vil redusere INON-område med 319 dekar.

Naturvernforbundet er i mot tilleggsoverføringa.

Med vennleg helsing
Naturvernforbundet i Rogaland

Eirin Hivand Haneberg
Styreleiar

Erik Thoring
Dagleg leiar

Gjenpart til:

Fylkesmannen i Rogaland, miljøvern
Rogaland fylkeskommune, regionalplan
Stavanger Turistforening
Suldal kommune
Sauda kommune
Media